



Byggmester Trond-Ove Rikstad
Levegen 181
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykker:
Vår: 15/3716 - 15/34771

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
12.11.2015

Løyve til oppføring av skilt - gbnr 188/357 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 505/15

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-3

Kommunen gir løyve til etablering av skilt på 6,0 m² i samsvar med søknad motteke 11.11.2015, jf. plan- og bygningslova (tbl) § 20-3. Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll». Det vert gjort unntak frå kravet om nabovarsling for eigedom gnr. 188 bnr 358

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
2. Skiltet skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteken 11.11.2015 og insendte bilete,
3. Løyvet er gjeve på vilkår av at gebyr etter tbl § 33-1 er innbetalt.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	1		Byggmester Trond-Ove Rikstad	999019897	S
PRO	1	Arkitekturprosjektering	Byggmester Trond-Ove Rikstad	999019897	S
UTF	1	Tømrerarbeid	Byggmester Trond-Ove Rikstad	999019897	S

*S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning



Søknaden

Søknaden omfattar oppføring av skilt med dimensjoner 1,00 x 6,00 m (totalt 6m²).

Andre tiltak som kan vere vist på eller skildra i innsendte søknadsmateriell, har kommune ikkje teken stilling til og er ikkje omfatta av dette løyve. Det same gjeld tiltak som er nemnt i saksutgreiinga men som ikkje er nemnt i førre avsnitt.

Søknaden er handsama som løyve i eitt trinn.

Nabotilhøve

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3 med unntak av eigar av gnr. 188 bnr. 358. Ingen merknader er registrert i saka. I medhald av reglane i plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd blir det gjeve fritak for varsling til eigarane av gnr gnr. 188 bnr. 358. Ein finn at deira interesser ikkje blir råka av arbeidet.

Plangrunnlag

Eigedomen er omfatta av områdeplanen for Knarvik.

Visuell utforming

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Plassering

Plassering av skiltet skal utførast i medhald av dette vedtaket og som vist på situasjonsplan og innsendte bilete/teikning av fasaden.

Erklæring

Erklæring frå grunneigar for montering av omsøkte skilt er sendt inn.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
10.2.6 Basisgebyr	1	3.400
10.2.9 Godkjenning av ansvarsrett	1	1.000
Totalt å betale:		4.400

Klagerett

Vedtaket kan pålagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og

at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage første gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggmester Trond-Ove Rikstad NMS-Gjenbruk v/Kari Skår Sørheim	levegen 181 Seimsstranda 357	5917 5912	ROSSLAND SEIM
--	---------------------------------	--------------	------------------